

# TENESTEUTVALET

## Møteprotokoll

**Møtedato:** 07.04.2010

**Møtetid:**

Kl. 16:00 –

**Møtestad:** AUSTEVOLL  
UNGDOMSSKULE

**Saksnr.:**

007/10 - 012/10

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Grete Hammervold	Frp	Øystein Østervold møtte ikkje	Frp
Ronald Persen	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Ingunn Berge Vik	H		
Torfinn Grav	Krf		
Andreas Risøy	A		
Ingrid Vågen Duesund	Sp		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Helge Otterå	Frp	
Kurt Frank	H	

<b>Møteleiar:</b>	Torfinn Grav
<b>Frå adm. møtte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal. Norunn Storebø møtte som referent
<b>Utlevert i møtet:</b>	Vedtak i Fsk 06.04.10 Sak 09/10 Situasjonen for legetenesta
<b>Synfaring:</b>	Austevoll ungdomsskule
<b>Merknader:</b>	Merknad frå Ingunn B Vik – tilleggsinnkalling vart motteke seint (dagen før)
<b>Innkalling :</b>	Ingen
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

Torfinn Grav  
Leiar

Grete Hammervold

Ronald Persen

Renate Møgster Klepsvik

Ingunn Berge Vik

Ingrid Vågen Duesund

Andreas Risøy

### **007/10: GODKJENNING MØTEBOK TENESTEUTVALET 3. MARS 2010**

#### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i tenesteutvalet 3. mars 2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

### **008/10: REFERATSAKER**

#### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre

### **009/10: SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA 06.04.2010 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Solbakken:

Saka vert å ta opp til handsaming i samband med budsjett 2011.

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidsretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møte i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.

Austevoll Formannskap viser til at Stortinget for budsjettet 2010 har løyvd tilskotsmidlar til lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. Formannskapet viser til at det søknadsfrist 7. mai og eit krav for søknaden at prosjektet skal vera forankra i kommunestyret. Formannskapet ber difor rådmannen om å leggje fram skisse til prosjekt til kommunestyret 27. april.

Framlegg frå Sp v/Edvard Johannes Stangeland:

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær. Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter. Lokalisering av dette vert å koma attende til.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som på sikt kan arbeida med eit helsesenter i kommunen.

Austevoll kommunestyre gjer prinsippvedtak om å privatisere legane og ber rådmannen koma attende med konkret sak om det.

Det vart først røysta over framlegget frå Julie Eide Solbakken som fekk 2 røyster (Julie Eide Solbakken og Kurt Frank H).

Det vart så røysta over tilrådinga frå rådmannen som ikkje fekk røyster.  
Deretter vart det røysta over framlegget frå Edvard Johannes Stangeland som fekk 1 røyst (Edvard Johannes Stangeland SP).  
Til slutt vart det røysta over Helge Andre Njåstad sitt framlegg som vart vedteke med 6 mot 2 røyster (Edvard Johannes Stangeland SP og Julie Eide Solbakken H).

#### **FSK-046/10 Vedtak:**

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidsretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møta i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.

Austevoll Formannskap viser til at Stortinget for budsjettet 2010 har løyvd tilskotsmidlar til lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. Formannskapet viser til at det søknadsfrist 7. mai og eit krav for søknaden at prosjektet skal vera forankra i kommunestyret. Formannskapet ber difor rådmannen om å leggje fram skisse til prosjekt til kommunestyret 27. april.

#### **07.04.2010 TENESTEUTVALET**

Handsaming i møtet:

Ingrid V. Duesund (Sp)har denne merknaden til vedtaket: Saka må diskuterast meir i partiet (Sp)då bl.a. møte i formannskapet vart lagt til dagen før møte i tenestutvalet og ser dette som uheldig for saka. Spesielt avsnittet om at ein på sikt skal ha eit helsesenter.

Elles tek tenesteutvalet formannskapet sitt vedtak til etterretning

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **TEN-009/10 Vedtak:**

Ingrid V. Duesund (Sp)har denne merknaden til vedtaket:

Saka må diskuterast meir i partiet då bl.a. at møte i formannskapet vart lagt til dagen før møte i tenestutvalet og ser dette som uheldig for saka. Spesielt avsnittet om at ein på sikt skal ha eit helsesenter.

Tenesteutvaltet tek formannskapet sitt vedtak til etterretning

#### **010/10: ENDRING AV NAVN PÅ STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER**

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at ein i samband med samanslåing av sjukeheimane, gjer det nye tilbodet namnet Austevoll pleie- og omsorgsenter.

#### **011/10: Brukarstyrt personleg assistent.**

##### **Vedtak:**

Tenesteutvalet godkjenner konkurransegrunnlaget / anbodskriteria og bed om at det vert kunnngjort på Doffin.

## **012/10: POLITISK KVARTER**

Handsaming i møtet:

### **Leiar Torfinn Grav:**

God omvisning/orientering av rektor! Han svara på forskjellige spørsmål undervegs. Bl.a. frå Renate M. Klepsvik: Korleis skulebibliotekt no vert nytta: Elevane kan nytte biblioteket stort sett heile dagen då tilsett ved biblioteket også er tilsett som sekretær ved skulen. Skulen oppgraderer mht til bokvalg, spesielt gode ungdomssbøker.

Renate M Klepsvik starta med å orientere om barnevernseminaret ho som politikar har delteke på: Det var veldig tankevekkjande! Fagfolka gjorde sterke inntrykk! Dei savna meir innspel av politikarar. På grunn av avinstitusjonering - frå barneheim til fosterheim. Fosterheimar vert løna over kommunebudsjett. Institusjonar er statlege og statlege budsjett. Ansvarsfråskriving. Lite bemanning i barnevern  
Vil ha meir fokus på interkommunalt samarbeid i framtida.

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik (FrP)

Utdrag frå budsjettvedtak 17.desember 2009:

### **Kulturskulen**

*Kultur, idrett og fritidsaktiviteter er eit satsingsområde for kommunen jmf punkt om kultur. Difor ynskjer Kommunestyret heller ikkje å ta bort 200.000 frå kulturskulen. Midlane vert ført attende til budsjettet, men det vert sett på om deler av ressursane i kulturskulen kan inngå i liv og lyst prosjektet som kommunen sin lokale andel. Det vil og gje oss mulighet å få meir ut av kulturkronene ved å sjå alle verkemidlane i sammenheng. Kommunestyret ynskjer at dei barn som ikkje får plass i kulturskulen og som då får tilbod i privat regi og kan inkluderas på egna måte i felles opplegg / konsertar osv.*

Likevel er politikarar som andre kjent med at kommunen ikkje har ressursar til å tilby plass i kulturskulen til alle som ynskjer det, og kvart år vert 50-60 søkjarar ståande på venteliste.

På bakgrunn av dette er mitt spørsmål:

- Kva vert gjort frå kulturskulen si side for å koordinera tilbodet frå private med det kommunale kulturskuletilbodet, og korleis vert det jobba med å hjelpa dei som får avslag på kulturskulesøknaden (står på venteliste) til å finna eit eigna alternativt tilbod frå ein privat tilbydar?

Rådmannen svara: Syns det var veldig kjekt å få ei slik god tilbakemelding når ein har delteke på noko!(barnevernseminaret)

Spørsmålet vert oversendt til skulesjef som skal svare skriftleg.

Rådmannen orienterer vidare i samband med barnevern at han kallar inn til møte med med helse- og sosialsjef og barnevernet for å orientera om at det vert brukt for mykje pengar til konsulenthjelp i barnevernet. Han kjem til å leggje fram sak til kommunestyret direkte, uansett om det er brudd på barnevernlov. Som det tidlegare er presisert i budsjettsaka: "Ein skal styra etter budsjett og ikkje etter behov!"

Leiar føyer til at ein er opp i same situasjon som i fjor mht til behanning i barnevernet.

Spørsmål Ingrid V. Duesund:

Aktivtør borte frå 01.05. Korleis vert tilbodet frametter? Må pasientar flytte på seg?

Ingunn B Vik:

var også opptatt av det same om tilbod/aktivtør til pasientar:om dei kan flytte på seg, med hensyn tilbod,som vart gjort i tidlegare tider.

Rådmannen svara: Aktivtør er borte! Men skal syte for dersom det vert gjeve tilbod skal det gjevast på begge po-sentra.

Spørsmål Andreas Risøy og frå fleire i møtet:

Opplever at det er stor interesse ute blant innbyggjarane og får spørsmål om kva denne nye stillinga- i Liv og Lyst inneber?

Rådmannen svara: Stillinga skal fremje folkehelse, men må gå seg til mht til oppgåver. Ein må ta stilling til mht til kor aktiv ho skal vera. - (rådmannen har hatt møte her). I hovudsak skal ho vere med å setje i gang ting f.eks konsertar på sjukeheimane og for alle. *Ikkeje driva*, men skal fremje både psykisk og fysisk helsefremmande tiltak og så trekkje seg ut.

Replikk frå Ronald Persen: Ein kjem til å følgja med stillinga vidare.

Spør også om kva som er gjort mht at i samanheng med budjett vart vedteke at diverse hjelpemiddel skulle kjøpast inn til tilsette i heimetenestene, bl.a. gps Er dette gjort?

Rådmannen: Det har vorte brukt mykje ressursar på nedlegging/samanslåing av sjukeheimane i det siste, slik at det ikkje har vorte prioritert.

Spørsmål frå Grete Hammervold: Når ei 100% stilling vert utlyst..kvifor vert det ikkje alltid tilsett i 100% men i 80%.. Kvifor får ikkje ein person som er ynskjer å gå i full stilling retten til stillinga? Syns det er ei ulempe at folk søker om permisjon i delar av slik stilling men allikevel vert tilsett i 100%.

Rådmannen svara: At han vil undersøkje saka og koma tilbake med svar.

Spørsmål Andreas Risøy: I fjor (2009) var det lite bemanning/ny bemanning ved skulekontoret som gjordet at det var mindre tilfredsstillande i tilsetjinga av nye lærarar som fekk seine opplysningar om kor ein var tilsett etc. for skuleåret 2009/2010. Vert dette betre for denne hausten?

Rådmannen svarar: at han har nettopp hatt møte med skulesjef om dette som meiner at situasjonen har betra seg, men skal følgja opp spørsmålet vidare med skulesjef.

Spørsmål frå Ingunn B Vik: Ho har etter kvart fått vite at ho har fått ny sjef; helse- og sosialsjef, men meiner ho ikkje fått orientering om dette.

Rådmannen svara: at det er sendt ut mail til alle organisasjonen men at det kan ha glippa med fysioterapeut då ho er utanfor *nettet* til kommunen. Han tek til 3.mai. Har fått kortare oppseiingsfrist..Det vert ikkje overlappning pga økonomi, men ein fordel at plasseing (kontor) er i nærleiken av tidlegare hs-sjef. Har hatt fellesmøte med leiarane der også ny hs-sjef var med.

**TEN-012/10 Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka.

Rett utskrift

Norunn Storebø

